

## **Saksprotokoll 30.04.2020 - fylkesutvalet**

### **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

### **Innstilling til fylkestinget**

1. Realisering av karbonfangst og -lagring er avgjerande for å nå utsleppsmåla i Noreg og i Europa. Vestland fylkeskommune meiner at Noreg bør ta ei leiroll for utvikling av viktig teknologi og infrastruktur.
2. Å realisere system for transport, injisering og lagring av CO<sub>2</sub> er avgjerande for å få verdikjedar knytt til karbonfangst og -lagring til å verke i ein skala som monnar.
3. For å sikre framdrift og teknologisk forsprang, ber Vestland fylkeskommune regjeringa om snarleg løyving av midlar til Northern Lights.